Finnås Kraftlag AS driv med kraftomsetting, breibandtenester og sal og installasjon av heimeladarar og solceller i konsesjonsområdet. Finnås Kraftlag AS er medpartnar av Haugaland Kraft Fiber og leverer innhaldstenester frå Altibox. Selskapet har og egne produkt/leveransar utanfor Altibox samarbeidet. Selskapet har høg marknadsandel både innan straum og breiband.

## Vidare drift

Rekneskapen er sett opp under føresetnad av vidare drift. Innteninga er god og eigenkapitalen er høg. Styret stadfester at denne føresetnaden ligg fast.

## Arbeidsmiljø

Ved årsskiftet har Finnås Kraftlag totalt 8 tilsette, fordelt på 7 faste stillingar og ein på pensjonistvilkår

Fråværsprosenten i selskapet var 3,2% i 2021

Finnås Kraftlag brukar eit elektronisk system til å ta imot meldingar om avvik m.m.

HMS utvalet er godt etablert og arbeidar systematisk med HMS arbeid i bedrifta.

Covid-19 restriksjonar har gjort det vanskeleg å arbeide målretta mot ungdom som skal ta vidare utdanning, men me oppfordrar jenter til å søkje utdanning innan våre fagfelt.

Me har eit godt samarbeid med YSST HMS-senter som støttar oss med mange av dei lovpålagde HMS-funksjonane. Arbeidsmiljøutvalet vart erstatta av eit HMS utvalet for å styrka fokus og medverknad i HMS-arbeidet.

### HMS MÅL

- Null skadar
- Sjukefråvær under 2%

## Likestilling og diskriminering

Finnås Kraftlag har som målsetting at begge kjønn skal handsamast likt og at ingen arbeidstakarar skal oppleve diskriminering. Me skal likebehandle tilsette og kundar uavhengig av kjønn, religion eller legning.

Det er ikkje tatt ut foreldrepermisjonar i 2021.

Av dei fast tilsette er ei kvinne og sju menn. Selskapet ynskjer å rekruttere fleire kvinnelege lærlingar og for 2022 er det tilsett kvinneleg lærling. Selskapet har ingen midlertidige tilsette i 2021.



Arbeid med fiberkabel

I styret er det 3 kvinner og 4 menn. Av styremedlemmer valt av generalforsamling er fordelinga 50/50.

## Midlertidig tilsette

Ved utgangen av 2021 var det ingen midlertidig tilsette i selskapet.

## Deltidsstillingar

Alle tilsette har 100% stillingsstorleik i selskapet.



## Ytre miljø

Våre verksemder er viktige brikker i arbeidet med å etablere fornybare samfunn, men me kjem ikkje unna at me påverkar miljøet rundt oss. Finnås Kraftlag er oppteken av å ta vare på det ytre miljøet i samband med fornying og bygging av infrastruktur. Me søker å finna løysingar som er mest mogleg estetisk og vel ofte kabelgrøfter der dette er økonomisk forsvarleg. Fiberlinjene våre er synlege i terrenget og må ryddast for uønskt vegetasjon. Ved skogrydding forsøker me å kviste og rydde på innmark. Det meste av greiner blir kverna opp og ført tilbake til naturen.

Finnås Kraftlagt har etablert faste rutinar for avfallshandtering, med kjeldesortering av papir, elektrisk utstyr, oljeavfall, kabel- og leidningsrestar, trevirke, batteri, datautstyr, osv. Alle anleggsområda vert rydda for alt materiell etter at arbeida er avslutta.

Ved kjøp av nye bilar i 2021 valte ein å kjøpe elbilar med lang rekkevidde. For å få tak i bilar med lang nok rekkevidde og drift på alle hjula, måtte ein velje bilar med fem seter. Det er eit paradoks at skattereglar gjer at bedrifta tapar økonomisk på å bruke slike bilar i vakttenesta samanlikna med eldre varebilar med dieselmotor.



Våre nye miljøvennlige bilar



## Etikk og samfunnsansvar

Finnås Kraftlag AS tar i høgste grad samfunnsansvar. Heile selskapet er tufta på at ein skal arbeide til beste for samfunnet på Bømlo.

Selskapet legg igjen mykje midlar lokalt i form av kjøp av materiell og tenester og skattar og avgifter til kommunen.

Selskapet har vektlagt gode verdiar og brukar dette aktivt i sitt haldningsskapande arbeid både internt og eksternt.

## Årsrekneskap

Finnås Kraftlag hadde i 2021 omsetning på kr. 160,6 mill. mot kr. 73,5 i 2020. Driftsresultat vart kr. 9,9 mill. og årsresultat etter skatt vart kr. 7,7 mill. Tilsvarande tal for 2020 var kr. 5,5 mill. og kr. 4,3 mill.

Auken i omsetning kjem i hovudsak av høgare kraftprisar enn i 2021 samanlikna med 2020, men ein har også auke i omsetning på andre verksemdar som følge av kundevekst på breiband og nye forretningsområde som solcelle og heimelading. I 2020 vart det gitt ekstraordinære rabattar i samband med Korona.

Totalkapitalen for selskapet var ved utgangen av året kr. 151 mill. Eigenkapitalen var kr. 95 mill. Dette gir ein eigenkapitaldel for selskapet på 63%.

## Framtidig utvikling

Vårt hovudmål er å levere fiber, kraft og nye produkt av høg kvalitet til konkurransedyktige prisar til kundar i vårt konsesjonsområde på Bømlo.

Me har ein klar strategi om å halda fram som sjølvstendig selskap og det er difor viktig at me held fram med eit kontinuerleg forbetningsarbeid der ein stadig ser etter smartare og meir økonomiske måtar å drifte selskapet på, samtidig som me opprettheld den gode kundeservicen som me er kjent for.

Breibandsatsinga til kraftlaget har vore vellykka, og slik me ser det vil behovet for fibertilknytning til bedrifter og privatpersonar halda fram. Innføring av 5G mobilnett kan medføre sterkare konkurranse, spesielt om fritidskundane. Vår samarbeidspartnar Altibox føl utviklinga tett og eigaren deira Lyse, har nyleg kjøpt verksemda til ICE Scandinavia. Det blir spennande å følgje med på dette framover. Kan hende vert partnarskapen i Altibox involvert i vidare utbygging av 5G nett.

Med høge kraftprisar ser me at det er viktig for våre kundar å ha ein App der ein på ein enkel måte får oversikt over forbruk og kostnader. Det er eit mål at App'en også skal levere smart stramstyring. Arbeidet med app er i full gang og utvikling av denne vil ha stort fokus framover.





## Årsmelding 2021 Finnås Kraftlag AS

FINNÅS KRAFTLAG

I framtida vil me truleg også oppleve auka utfordringar knytt til vær og klima. Då er det godt å vite at me har investert i gode grøfter i dei nye vegane på Børnlo. Dette vil me og ha som grunnhaldning framover etter kvart som vegarbeida held fram rundt om på øya, men kost/nytte vil sølvsagt bli vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Koronaviruset, Covid-19, har også i 2021 gitt utfordringar for drifta. Finnås Kraftlag har følgd retningslinjene gitt av myndigheitene og har i tillegg gjort ei rekke eigne vurderingar og tiltak for å hindre smitte. Dette har medført at me har klart å ha ei tilnærma normal drift og aktivitet utan for mange smittetilfelle blant våre tilsette.

### Finansiell risiko

Finnås Kraftlag AS er eksponert for noko finansiell risiko knytt til kundefordringar og finansielle kontraktar. Selskapet møter risiko for manglande oppgjør frå kundar med tett oppfølging via gode rutinar for betalingsoppfølging og kredittvurdering.

Kraftomsetningsverksemda er lite eksponert for prissvingingar då ein kun sel spotpris-avtalar med påslag. Ein har høge marknadsandelar og opplever høg kundeloyalitet både på kraftomsetning og breiband.

### Disponering av resultat

Overskot for 2021 er kr. 7.734.927

<b>Disponering av årsresultat</b>	<b>7 734 927</b>
Avgitt konsernbidrag (etter skatt)	9 394 240
Overført frå overkursfond	1 659 313
<b>SUM disponeringar</b>	<b>7 734 927</b>

Bremnes, 25. April 2022

Torleiv Fylkesnes  
styreleiar

Anne- Beth Njærheim  
nestleiar

Eli Furnes  
styremedlem

Signe Lund Jansen  
styremedlem

Tor Bjarne Smødsrud  
dagleg leiar

Ove Grønås  
styremedlem

Vermund Hjelland  
styremedlem

Johnny Rolfsnes  
styremedlem

Finnås Kraftlag AS – Årsmelding 2021 10



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
1AE12A9B6A5346E3857369C5F7952228



# Årsrekneskap 2021 Finnås Kraftlag AS

Org.nr.: 923 934 170



## Finnås Kraftlag AS

### Resultatrekneskap

NOTAR	DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2021	2020
9	Energisæl	101 795 875	22 279 156
	Inntekter breiband	56 294 741	49 827 250
	Anna driftsinntekt	2 522 325	1 367 000
	Sum driftsinntekter	<u>160 612 940</u>	<u>73 473 406</u>
	Aktivering investeringar	-3 228 402	-3 265 486
	Energikjøp	97 876 317	18 560 699
	Varekjøp breiband	25 932 358	25 091 597
	Varekostnad	2 247 659	922 129
2, 3	Lønskostnad	6 627 540	6 737 087
1	Avskrivning	11 029 806	10 913 734
2	Annan driftskostnad	10 258 893	9 063 126
	Sum driftskostnader	<u>150 744 172</u>	<u>68 022 886</u>
	<b>Driftsresultat</b>	<b><u>9 868 768</u></b>	<b><u>5 450 520</u></b>
	<b>FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>		
	Anna renteinntekt	42 112	57 472
	Anna finansinntekt	6 756	0
	Annan rentekostnad	931	70
	Resultat av finanspostar	<u>47 937</u>	<u>57 402</u>
	<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>	<b><u>9 916 705</u></b>	<b><u>5 507 922</u></b>
6	<b>Skattekostnad på ordinært resultat</b>	<b><u>2 181 778</u></b>	<b><u>1 213 497</u></b>
	<b>Resultat i året</b>	<b><u>7 734 927</u></b>	<b><u>4 294 425</u></b>
	<b>OVERFØRINGER</b>		
	Avgitt konsernbidrag (etter skatt)	9 394 240	4 740 644
	Overført frå overkursfond	1 659 313	446 219
	Sum overføringar	<u>7 734 927</u>	<u>4 294 425</u>



**Finnås Kraftlag AS**  
**Balanse pr. 31. desember**

NOTAR	EIGA	2021	2020
	<b>Anleggsmiddel</b>		
	<b>Varige driftsmiddel</b>		
	Fibernet og utstyr	79 807 657	84 010 220
1	Øvrige driftsmidler	2 497 834	1 401 688
	Anlegg under arbeid	4 063 525	2 880 146
1	Sum varige driftsmiddel	<u>86 369 016</u>	<u>88 292 054</u>
	<b>Finansielle anleggsmiddel</b>		
	Investeringar i aksjar og partar	1 071 750	1 049 172
	Sum finansielle anleggsmiddel	<u>1 071 750</u>	<u>1 049 172</u>
	<b>Sum anleggsmiddel</b>	<b><u>87 440 766</u></b>	<b><u>89 341 226</u></b>
	<b>Omløpsmiddel</b>		
	<b>Varer</b>	<b><u>1 419 304</u></b>	<b><u>999 490</u></b>
	<b>Krav</b>		
7	Kundekrav	53 516 532	15 490 892
7	Fordring på konsernselskap	6 893 432	11 284 475
7	Andre kortsiktige krav	468 337	39 722
	Sum krav	<u>60 878 301</u>	<u>26 815 090</u>
8	<b>Bankinnskott, kontantar og liknande</b>	<b><u>1 360 777</u></b>	<b><u>649 111</u></b>
	<b>Sum omløpsmiddel</b>	<b><u>63 658 382</u></b>	<b><u>28 463 690</u></b>
	<b>SUM EIGA</b>	<b><u>151 099 148</u></b>	<b><u>117 804 916</u></b>



**Finnås Kraftlag AS**  
**Balanse pr. 31. desember**

NOTAR	EIGENKAPITAL OG GJELD	2021	2020
	<b><i>Eigenkapital</i></b>		
	<b>Innskoten egenkapital</b>		
4	Aksjekapital (30 000 aksjar à kr 100)	3 000 000	3 000 000
	Overkurs	92 140 617	93 799 930
	Sum innskoten egenkapital	<u>95 140 617</u>	<u>96 799 930</u>
<b>5</b>	<b>Sum egenkapital</b>	<b><u>95 140 617</u></b>	<b><u>96 799 930</u></b>
	<b><i>Gjeld</i></b>		
	<b>Avsetjing til plikter</b>		
3	Pensjonsplikter	309 241	269 932
6	Utsett skatt	3 008 537	3 476 416
	Sum avsetjing for plikter	<u>3 317 778</u>	<u>3 746 348</u>
	<b>Kortsiktig gjeld</b>		
7	Leverandørgjeld	3 424 107	5 434 955
	Skuldig offentlege avgifter	395 147	409 916
	Gjeld til konsernselskap	32 519 672	6 427 890
7	Anna kortsiktig gjeld	16 301 826	4 985 876
	Sum kortsiktig gjeld	<u>52 640 753</u>	<u>17 258 638</u>
	<b>Sum gjeld</b>	<b><u>55 958 531</u></b>	<b><u>21 004 986</u></b>
	<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b><u>151 099 148</u></b>	<b><u>117 804 916</u></b>

Bremnes, 25.04.2022

\_\_\_\_\_  
Torleiv Fylkesnes  
styreleiar

\_\_\_\_\_  
Anne-Beth Njærheim  
nestleiar

\_\_\_\_\_  
Eli Furnes  
styremedlem

\_\_\_\_\_  
Signe Lund Jansen  
styremedlem

\_\_\_\_\_  
Ove Grønås  
styremedlem

\_\_\_\_\_  
Vermund Hjelland  
styremedlem

\_\_\_\_\_  
Johnny Rolfsnes  
styremedlem



## Finnås Kraftlag AS

### Notar til rekneskap 2021

#### Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova av 1998 og god rekneskapsskikk.

#### Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar bestemt for varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar som skal attendebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmiddel. For gjeld er dei same kriteria lagt til grunn.

Anleggsmiddel er verdsett til kostpris. Anleggsmiddel som går ned i verdi over tid er avskrivne lineært over den venta økonomiske levetida. Anleggsmidlane vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er venta og vere av forbigåande art. Langsiktig gjeld vert ført i balansen med nominelt beløp på etablerings-tidspunktet.

Omløpsmiddel er verdsett til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

#### Materiallager

Materiallager er lager av rekvisita til bruk i arbeid med fibernett og øvreg verksemd. Materiallageret er vurdert til det lavaste av salgspris og anskaffingskost.

#### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er ført opp til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap er gjort på grunnlag av individuell vurdering av dei einskilde postane.

#### Bankinnskot, kontantar o.l.

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmiddel med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

#### Inntekter frå energisal

Inntekter frå energisal vert rekneskapsført ved levering. Realiserte inntekter frå fysisk og finansiell handel i energikontrakter vert presentert som energisal. Vinst og tap ved finansiell sikring vert presentert netto.

#### Inntekt fra breiband og anna inntekt

Inntekt frå sal breiband og andre inntekter vert rekneskapsført når dei er opptent, altså når både risiko og kontroll er overført til kunden. Dette vil normalt vere tilfelle når vara eller tenesta er levert til kunden. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

#### Anleggsbidrag

Anleggsbidrag til investeringar, frå det offentlege og private, har gått til frådrag på aktiverte verdjar.

#### Kostnader

Kostnader vert som hovudregel rekneskapsført i same periode som tilhøyrande inntekt. I dei tilfella det ikkje er ein klar samanheng mellom utgifter og inntekter, vert fordelinga fastsett etter skjønsmessige kriterium. Andre unntak frå samanstillingsprinsippet er gitt der det er aktuelt.

#### Vedlikehald

Det er utført naudsynt vedlikehald på alle anleggsdelar. Det er ikkje føreteke avsetjing for utsett vedlikehald fordi kostnadane kjem til jamt over levetida. Vedlikehald/reinvestering som medfører vesentleg lengre levetid og inntening, vert aktivert.



## Finnås Kraftlag AS

### Notar til regnskap 2021

#### Rekneskapsprinsipp held fram

##### Pensjon

Selskapet har kollektiv pensjonsordning i KLP for dei tilsette. Ordninga er ein ytingsplan, det vil seie at selskapet har det økonomiske ansvaret for at dei tilsette får dei avtalte ytingane. Ved rekneskapsføring av pensjon som er ytingsplan, blir forpliktinga kostnadsført over oppteningstida i samsvar med planen sin oppteningsformel. Allokeringmetode tilsvarar planen sin oppteningsformel med mindre det vesentlege av oppteninga skjer mot slutten av oppteningsperioden. Lineær opptening vert då lagt til grunn. For pensjonsordningar etter lov om foretakspensjon vert såleis lineær opptening brukt. Estimataavvik og effekt av endra føresetnader vert amortisert over forventa attverande oppteningstid i den grad dei overstig 10% av den største av pensjonsforpliktingane og pensjonsmidlane (korridor). Planendringar vert fordelt over attverande oppteningstid. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala.

##### Skattar

Skatt på overskot vert samanstillt med rekneskapsmessig resultat før skatt.

Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på året si direkte skattepliktige inntekt) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden vert fordelt på ordinært resultat og verknad av prinsippendring og korrigerings av feil ut i frå skattegrunnlaget. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

##### Kontantstrømoppstilling

Kontantstrømoppstillinga er utarbeidd med basis i den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for å kunne presentere kontantstrømar som er tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsaktivitetar og finansieringsaktivitetar.

#### Note 1 Anleggsmiddel

	Breibandsnett	Anlegg under arbeid	Øvrege driftsmidlar	Sum
Anskaffingskost 1.1	189 337 479	2 880 146	11 243 561	203 461 186
Tilgong kjøpte driftsmidlar	6 427 968	1 485 208	1 577 601	9 490 777
Avgong selde driftsmidlar	315 518	301 829	0	617 347
<b>Anskaffingskost 31.12.21</b>	<b>195 449 929</b>	<b>4 063 525</b>	<b>12 821 162</b>	<b>212 334 616</b>
Akkumulerte avskrivningar 1.1.	105 327 259	0	9 841 872	115 169 131
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	115 875 609	0	10 323 327	126 198 936
Akkumulert avskrivning avgong	233 337	0	0	233 337
<b>Bokført verdi per 31.12.21</b>	<b>79 807 657</b>	<b>4 063 525</b>	<b>2 497 835</b>	<b>86 369 016</b>
Avskrivningar i året	10 548 350	0	481 455	11 029 805
Økonomisk levetid	5 - 30 år		5-8 år	
Avskrivningsplan	Lineær		Lineær	



## Finnås Kraftlag AS

### Notar til rekneskap 2021

#### Note 2 Lønskostnader og ytingar, godtgjersle til dagleg leiar, styret og revisor

<b>Lønskostnader</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Løn	5 105 258	5 332 983
Arbeidsgjevaravgift	638 287	598 125
Pensjonskostnader	775 261	645 303
Andre ytingar	108 734	160 677
<b>Sum</b>	<b>6 627 540</b>	<b>6 737 087</b>

Gjennomsnittleg antal årsverk	7	8
-------------------------------	---	---

Dagleg leiar får løn frå morselskap Finnås Kraftlag SA. Det er utbetalt godtgjersle for styrearbeid til tilsett representant frå dette selskapet med kr 0. Øvreg godtgjersle til styret blir utbetalt frå morselskapet.

Det er ikkje ytt lån eller stilt trygd til dagleg leiar eller medlemmar av styret.

<b>Godtgjersle til revisor eks. mva utgjær:</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Lovpålagt revisjon	132 750	40 000
Rekneskapsteknisk bistand	21 000	27 000
Andre attestasjonstenester	12 250	12 250
Skatterådgjeving - teknisk oppsett av likningspapir	10 000	4 500
<b>Sum</b>	<b>176 000</b>	<b>83 750</b>



## Finnås Kraftlag AS

### Notar til rekneskap 2021

#### Note 3 Pensjonskostnader, -midlar og forpliktingar

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon og har pensjonsordning som tilfredsstillar krava i denne lova.

Selskapet har pensjonsordning i KLP som omfattar i alt 7 aktive. Ordninga gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytinga frå folketrygda. Forpliktinga er dekkja gjennom eit forsikringsselskap (sikra ordning).

#### Økonomiske føresetnader

	2021	2020
Diskonteringsrente	1,90%	1,50%
Venta avkastning på pensjonar	3,70%	2,40%
Lønsvekst	2,75%	2,25%
Pensjonsregulering	1,73%	0,99%
Venta G-regulering	2,50%	1,75%

Som aktuarmessige føresetnader for demografiske faktorar og avgong er det lagt til grunn vanleg brukte føresetnader innan forsikring.

	2021	2020
Noverdi av pensjonsoppteninga i år	834 499	761 685
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	250 221	296 543
Avkastning på pensjonsmidlar	-360 004	-404 003
Arbeidsgjevaravgift	79 472	72 625
Administrasjonskostnader	25 018	30 914
Amortisering av estimatavvik	127 798	55 036
<b>Resultatført pensjonskostnad</b>	<b>957 004</b>	<b>812 800</b>
Berekna pensjonsplikter inkl. arbeidsgjevaravgift	14 792 131	14 671 851
Pensjonsmidlar	-12 363 559	-10 911 095
Ikkje resultatført estimatavvik	-2 119 331	-3 490 824
<b>Utrekna pensjonsforpliktingar per 31.12.</b>	<b>309 241</b>	<b>269 932</b>

#### Note 4 Aksjonærar

Aksjekapitalen i Finnås Kraftlag AS pr. 31.12.2021 er sett saman av:

	Antal	Pålydande	Bokført
Ordinære aksjar	30 000	100,00	3 000 000
Sum	30 000		3 000 000

#### Eigarstruktur

	Antall	Eierandel	Stemmeandel
Finnås Kraftlag SA	30 000	100 %	100 %
Totalt antal aksjar	30 000	100 %	100 %



## Finnås Kraftlag AS

Notar til rekneskap 2021

### Note 5 Eigenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Annan eigenkapital	Sum eigen- kapital
<b>EK pr. 31.12.2020</b>	<b>3 000 000</b>	<b>93 799 930</b>	<b>0</b>	<b>96 799 930</b>
<i>Endring i EK i året:</i>				
Resultat i året			7 734 927	7 734 927
Avgitt konsernbidrag		0	-9 394 240	-9 394 240
Overføring fra overkurs		-1 659 313	1 659 313	0
<b>EK pr. 31.12.2021</b>	<b>3 000 000</b>	<b>92 140 617</b>	<b>0</b>	<b>95 140 617</b>



## Finnås Kraftlag AS

### Notar til rekneskap 2021

#### Note 6 Skatt

<b>Skattekostnad dette året</b>	<b>2021</b>
Resultatført skatt på ordinært resultat:	
Skatt som skal betalast	2 649 657
Endring i utsett skatt	-467 879
<b>Skattekostnad ordinært resultat</b>	<b>2 181 778</b>

Skattepliktig inntekt:	
Ordinært resultat før skatt	9 916 705
Permanente skilnader	470
Endring i mellombelse skilnader	2 126 721
Avgjeve konserntilskott	-12 043 896
<b>Skattepliktig inntekt</b>	<b>0</b>

Skatt i balansen som skal betalast:	
Skatt på resultatet dette året som skal betalast	2 649 658
Skatt på avgjeve konserntilskott som skal betalast	-2 649 658
<b>Sum skatt i balansen som skal betalast</b>	<b>0</b>

Utrekning av effektiv skattesats	
Resultat før skatt	9 916 705
Skatt rekna av resultat før skatt	2 181 675
Skatteeffekt av permanente forskjellar	103
<b>Sum</b>	<b>2 181 779</b>
Effektiv skattesats	22,0 %

Skatteeffekten av mellombelse skilnader som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av mellombelse skilnader

	<b>2021</b>
Varige driftsmiddel	14 140 058
Fordringar	-155 648
Pensjonspremie/- forplikting	-309 241
<b>Sum</b>	<b>13 675 169</b>

<b>Grunnlag for utsett skatt</b>	<b>13 675 169</b>
----------------------------------	-------------------

<b>Utsett skatt (22 %)</b>	<b>3 008 537</b>
----------------------------	------------------

**Finnås Kraftlag AS**

## Notar til rekneskap 2021

**Note 7 Transaksjoner og mellomverande med nærstående partar****Resultatmessige transaksjoner med selskap i same konsern:**

<b>Transaksjon/ transaksjonsgruppe</b>	<b>Tilhører resultatlinje</b>	<b>Motpart</b>	<b>2021</b>
Fellesføring	Annan driftskostnad	Bømlo Kraftnett AS	352 498
Kjøp av varer og tenester	Annan driftskostnad	Bømlo Kraftnett AS	1 728 506
Kjøp av varer og tenester	Annan driftskostnad	Finnås Kraftlag SA	6 393 583
Sal av tenester	Anna driftsinntekt	Bømlo Kraftnett AS	402 240
Sal av varer	Anna driftsinntekt	Bømlo Kraftnett AS	25 976
<b>Sum</b>			<b>8 902 802</b>

**Note 8 Bankinnskot**

Midlar på skattetrekkkonto (bundne midlar) er kr 220 713. Beløpet dekkjer skuldig skattetrekk pr. 31.12.

**Note 9 Segmentinformasjon**

	<b>Distribusjon</b>	<b>Breiband</b>	<b>Øvreg verksemd</b>	<b>Totalt</b>
<b>Inntekter</b>				
Kraftsal	101 795 875		0	101 795 875
Inntekter breiband	0	56 294 741	0	56 294 741
Andre inntekter	19 042	38 535	2 464 748	2 522 325
<b>Sum inntekter</b>	<b>101 814 917</b>	<b>56 333 276</b>	<b>2 464 748</b>	<b>160 612 941</b>
<b>Kraftkjøp mv.</b>				
Kraftkjøp	97 876 317		0	97 876 317
Varekjøp, breiband	0	25 932 358	0	25 932 358
Varekjøp, anna	0	786 459	1 461 200	2 247 659
<b>Sum varekjøp</b>	<b>97 876 316</b>	<b>26 718 817</b>	<b>1 461 200</b>	<b>126 056 334</b>
<b>Bruttoavanse</b>	<b>3 938 601</b>	<b>29 614 459</b>	<b>1 003 548</b>	<b>34 556 607</b>
<b>Driftskostnader</b>				
Personalkostnader	17 854	6 177 858	431 828	6 627 540
Aktivert løn	0	-3 228 402	0	-3 228 402
Andre driftskostnader	2 713 612	7 076 398	432 333	10 222 343
Avskrivningar	79 066	10 934 675	16 065	11 029 806
Tap på fordringar	9 998	7 443	19 107	36 548
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>2 820 529</b>	<b>20 967 972</b>	<b>899 333</b>	<b>24 687 834</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>1 118 072</b>	<b>8 646 487</b>	<b>104 215</b>	<b>9 868 773</b>